



**NORD-FRON KOMMUNE
INFORMASJON FRÅ
LANDBRUKSKONTORET**



Kyr på beite

Foto: Borgny Sletten

1/2021

Mars

Besøksadresse:

Landbrukssenteret, Strandgata 54, 2640 Vinstra

Tlf.: 61 21 61 90

post@nord-fron.kommune.no

INNHALD

Søknadsfristar i 2021	3
Mjølkekvoter	4
Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel	6
Søknad om tidlegpensjon til jordbrukarar	7
Produksjonstilskot (PT) og tilskot til avløyning ved ferie og fritid	7
Regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP)	9
Bygdeutviklingsmiddel / IBU-middel for 2021	9
Landbruksfondet i Nord-Fron 2021	13
SMIL – Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 2021	13
Tilskot til tiltak i beiteområder	15
Tilskot til drenering av jordbruksjord	15
Nydyrking – søknadspliktig tiltak	15
Gjødslingsplan – kommunal godkjenning	16
Søknad om løyve til spreining av husdyrgjødsel	16
Registrering av lag og foreningar i Brønnøysundreg.	16
Prosjekt <i>Hold Innlandet Rent</i>	16
Arealendringar på gardskart	17
Gjerdeplikt	17
Prosjekt <i>Nofence på storfè i Midt-Gudbrandsdalen</i>	19
Midtdalsbonden.no	20
Biogassanlegg i Midt-Gudbrandsdalen	20
Informasjon frå Mattilsynet	21
Tilskot til nærings- og miljøtiltak (NMSK) i skogbruket	23
Tilstandsregistrering for bruer på private skogsbilveggar	33
Elgmerkeprosjekt	34
Informasjon frå Norsk Landbruksrådgiving Innlandet	36
Kadaverhenting	37
Klauvboks	39
Informasjon frå Fron Avløserlag	39
Beredskap i landbruket jf. covid-19	39
Treng du klauvskjering?	39
Langsua nasjonalpark	40
Rondane-Dovre nasjonalpark	40
Beredskapsgruppe i Fron	40

Rovviltskader på beitedyr	41
Utval for miljø, landbruk og areal (MLA) 2019-2023	42
Tilsette – landbrukskontoret	42
Landbrukssenteret på Vinstra	43

SØKNADSFRISTAR I 2021

❖ **Produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid (PT):**

Søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid har to søknadsfristar og ei utbetaling i året:

- 15. mars (med telledato 1. mars) - del 1 av søknaden
- 15. oktober (med telledato 1. oktober) – del 2 av søknaden

Del 1 av søknaden er det husdyrprodusentar som kan levere. Ved del 2 er det både husdyr- og planteprodusentar som kan levere søknad.

Maksimalt tilskot til avløyning ved ferie og fritid i året blir berekna på grunnlag av gjennomsnittleg dyretal pr. 1. mars og 1. oktober. Søknadsfrist 15. oktober. Søknaden kan oppdaterast med faktiske utgifter til avløyning heilt fram til den 10. januar året etter.

❖ **Regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP):**

Føretak som har rett til produksjonstilskot i jordbruket og beitelag som er godkjende av kommunen kan søkje regionalt miljøtilskot (RMP). I Innlandet omfattar ordninga m.a. tilskot til drift av seter med mjølkeproduksjon, skjøtsel av bratt areal, skjøtsel av kulturhistoriske områder (= setervoller og dyrkingsfelt i fjellet), miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel og endra jordarbeiding.

Søknadsfrist: 15.oktober.

For *drift av beitelag* er fristen 1. november.

❖ **Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)**

Søknadsfrist 15. april.

- ❖ **Søknad om tilskot frå Landbruksfondet i Nord-Fron**
Søknadsfrist 15. april.
- ❖ **Tilskot til drenering av jordbruksjord:**
Søknadsfrist: 1. oktober.
- ❖ **Erstatning vinterskade på eng:**
Frist for endeleg søknad er 15. juli. Det skal meldast frå til landbrukskontoret så snart skadane blir oppdaga, og i god tid før utbetring startar.
- ❖ **Erstatning – avlingskade:**
Frist for endeleg søknad er 31. oktober. Det er svært viktig at skader blir meldt til landbrukskontoret så snart dei har oppstått.
- ❖ **Erstatning for rovdyrskader på husdyr:**
Søknadsfrist: 1. november. Søknader skal leverast elektronisk på *Elektronisk søknadssenter* på Rovviltportalen.no
- ❖ **Tilskot til tiltak i beiteområder:**
Søknadar blir behandla fortløpande til ramma er brukt opp. Søknaden skal sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/Altinn.
- ❖ **Mjølkekvoter:**
Søknadsfrist for salg av kvote er 1. august 2021. Salget får virkning fra 1. januar 2022.

MJØLKEKVOTER

Informasjon frå nettsida til Landbruksdirektoratet:

Landbruksdirektoratet lanserer 25. mars 2021 ny digital løsnings for eiere av landbrukseiendom med grunnkvote, melkeprodusenter og forvaltningen. I løsningsen kan eiere og produsenter få oversikt over egne kvoteopplysninger.

Eiere av landbrukseiendom med grunnkvote:

En eier som ønsker å endre hvilke foretak som skal disponere grunnkvoten neste kvoteår, kan registrere endringene i en enkel selvbetjeningsløsning. Hvis eieren ikke endrer noe, vil disponeringen videreføres automatisk fra år til år.

Eieren av grunnkvoten får ansvar for å registrere endringer i henhold til privatrettslige avtaler innenfor registreringsperioden som er planlagt i oktober

En eier kan søke om å selge eller flytte sin grunnkvote via den samme selvbetjeningsløsningen. Løsningen henter det meste av nødvendig informasjon fra nasjonale fellesregistre. For eksempel hentes alle panteforhold og medeiere fra Kartverkets grunnbok og Landbruksregisteret, dermed blir det enkelt for eieren å håndtere nødvendige samtykker. Samtykkeparter, det vil si medeiere og panthavere, kan få forespørsel om samtykke digitalt, slik at eieren kan søke uten manuelt papirarbeid.

Alle brev til grunnkvoteeier sendes til eiers innboks i Altinn, med mindre eieren har reservert seg mot digital kommunikasjon. I så fall sendes brevene med vanlig post til folkeregisterregistrert adresse.

Bruerskifte:

Hvis et nytt foretak skal produsere melk på en eiendom, må det meldes brukerskifte til meieriet. Hvis du planlegger brukerskifte rundt 1. mars eller 1. oktober, må du gi beskjed til meieriet i god tid. Foretak som søker om produksjonstilskudd, skal være samme foretak som disponerer melkekvote på telledato for søknadsomgangen.

Melkeprodusentene vil som før motta et vedtak («kvotebrevet») som gir produksjonsrett for det kommende året. Produksjonsretten er basert på eiers registreringer. Produsenten har en egen arbeidsflate i de nye digitale løsningene, hvor han/hun kan se detaljer om sin disponeringsrett. Dersom eieren foretar endringer som skal gjelde fra neste år, vil produsenten bli varslet om dette, og kan kontrollere endringene i arbeidsflaten.

Når en produsent melder brukerskifte til sitt meieri, vil informasjonen automatisk overføres til de nye løsningene, og disponeringsforhold vil dermed automatisk bli oppdatert og vist på produsentenes arbeidsflate.

Alle brev til produsenten sendes til foretakets innboks i Altinn.

Omsetning av grunnkvote:

Ved salg av grunnkvote må en bestemt andel selges til staten, og den resterende mengden kan selges privat. Mengden som er solgt til staten kan selges ut igjen til eiere av landbrukseiendommer som har grunnkvote fra før. Detaljerte regler for omsetning bestemmes i Jordbruksavtalen.

Salg av grunnkvote:

Innen 1. august 2021 kan du søke om å selge grunnkvote.

Landbruksdirektoratet saksbehandler søknadene fortløpende, og vedtak om innvilget salg får virkning fra 1. januar 2022.

Minst 40 prosent av den totale salgsmengden må selges til staten for kr. 4,00 per liter. Det er også mulig å selge hele grunnkvoten til staten.

Inntil 60 prosent av den totale salgsmengden kan selges til eiere av landbrukseiendommer innenfor samme produksjonsregion til prisen som kjøper og selger avtaler.

Alle medeiere må samtykke i salget.

Alle som har tinglyste pengeheftelser i eiendommen (panthavere) må samtykke i salget.

Oppdatert informasjon om mjølkekvoter finn du på www.landbruksdirektoratet.no eller du kan venda deg til landbrukskontoret viss du har spørsmål.

TILSKOT TIL AVLØYSING VED SJUKDOM OG FØDSEL

Ordninga gjeld avløysarutgifter ved sjukdom, svangerskap/fødsel, adopsjon, brukars dødsfall, sjukdom hjå barn, repetisjons-, heimeverns- og sivilforsvarsøvingar. Søknadsfristen er seinast 1 år etter siste dag av perioden for avløsning.

Det er nå produksjonen fyrste dag av søknadsperioden som skal ligge til grunn for føretaket sin maksimale grunnsats.

Tilskotsgrunnlaget varierer med type produksjon og storleik på produksjonen.

Høgaste maksimale dagsats for ordninga er nå 1.670 kroner.

Det blir ikkje stilt krav til næringsinntekt hjå eigar av enkeltpersonføretak før etter tredje år etter at føretaket er etablert.

Nye reglar frå 1.januar 2021:

Det kan nå gjevast tilskot til avløsning for inntil 30 dagar per år dersom ein jordbrukar har omsorg for kronisk sjuke barn. Er jordbrukaren einsleg om omsorgen for eit eller fleire kronisk sjuke barn, er antall dagar auka frå 40 til 60 dagar per år.

Gå inn på: www.landbruksdirektoratet.no for å lesa meir om ordninga.

Elles er det berre å ta kontakt med landbrukskontoret på telefonnummer: 61 21 61 90, om det er noko du lurar på.

SØKNAD OM TIDLEGPENSJON TIL JORDBRUKARAR

Det er eit krav om at eigedomen er tinglyst på ny eigar.

«Nye regler i forskrift om tidligpensjon for jordbrukere

Med virkning fra 1. januar 2019 ble forskrift om tidligpensjon for jordbrukere endra. Oppsummert er endringene i regelverket slik:

- *Det er lov å motta arbeidsavklaringspenger, uføretrygd/uførepensjon, gjenlevendepensjon/etterlattepensjon og avtalefestet pensjon samtidig med tidligpensjon for jordbrukere.*
- *Årlig tidligpensjonsbeløp er ikke lenger begrenset av referanseinntekten. Det betyr at alle får satsen som står i jordbruksavtalen.*
- *Kommunen har ikke lenger noen formell rolle i forvaltningen av ordningen, men må gi fylkesmannen informasjon ved behov.*
- *Utbetaling av tidligpensjon går over fra kvartalsvis til å bli månedlig.*
- *Dersom ektefelle/samboer er yngre enn brukeren, kan ikke lenger ektefelle/samboer få tidligpensjon fram til de selv fyller 67 år. Utbetalingene stopper for begge parter når bruker fyller 67 år. «*

Nye satsar frå 1.januar 2021:

Einbrukarpensjon: 105 200 kr per år – utbetalt kr 8 767 per måned.

Tobrukarpensjon: 168 320 per år – utbetalt kr 7 013 per måned.

PRODUKSJONSTILSKOT (PT) OG TILSKOT TIL AVLØYSING VED FERIE OG FRITID

Søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid har to søknadsfristar i året:

- 15. mars (med telledato 1. mars) - del 1 av søknaden.

- 15. oktober (med telledato 1. oktober) - del 2 av søknaden.

Du kan sende inn søknad frå og med telledatoene 1. mars og 1. oktober. Føretak som leverer søknaden innan fristen, vil kunne endra opplysningane i innsendt søknad i 14 dagar etter at fristen har gått ut (dvs. fram til 29. mars og 29. oktober).

Del 1 av søknaden gjeld :

Husdyrtilskot, tilskot til økologisk husdyrproduksjon, driftstilskot til mjølkeproduksjon og til spesialisert kjøttfeproduksjon, tilskot til små og mellomstore bruk, samt registrering av dyr som gjev grunnlag for tilskot til avløyning ved ferie og fritid og tilskot til grovfôrareal.

Del 2 av søknaden gjeld:

Tilskot til avløyning ved ferie og fritid for 2021, husdyrtilskot, tilskot til økologisk areal og husdyr, tilskot til bevaringsverdige husdyrraser, distrikstilskot frukt, bær og grønt for kvantum. Areal og kulturlandskapstilskot, tilskot til dyr på beite, tilskot til dyr på utmarksbeite, driftstilskot til mjølkeproduksjon og til spesialisert kjøttfeproduksjon, samt registrering av dyr som gir grunnlag for tilskot til grovfôrareal og avløyning ved ferie og fritid for 2021.

Einskilde opplysningar kan etterregistrerast i tidlegare innlevert søknad etter 15. oktober, men innan 10. januar:

- avløyingsutgifter for perioden 16. oktober til 31. desember.
- dyr på beite som er sanket fra utmarksbeite senare enn 15. oktober.
- livdyr av kylling og kalkun som er seld mellom 16. oktober og 31. desember.
- frukt, bær, veksthusgrønnsaker (inkl. salat på friland), samt poteter produsert i Nord-Norge, som er omsatt mellom 16. oktober og 31. desember.

Det er søkjar sitt ansvar at søknaden blir levert innan søknadsfristen. For å bli rekna som levert i rett tid, må søknaden vere levert elektronisk via altinn.no før midnatt på datoen for søknadsfristen.

Forskrift og rettleiing er å finna på www.landbruksdirektoratet.no. Alt informasjonsmateriale og brev om tilskot blir sendt digitalt i føretaket sin **meldingsboks i Altinn**.

Når du skal levere elektronisk søknad om produksjonstilskot, gå inn på www.landbruksdirektoratet.no, der kan du logge deg rett inn på skjemaet i Altinn.

Kontakt landbrukskontoret viss du treng hjelp til søknaden.

REGIONALE MILJØTILSKOT I JORDBRUKET (RMP)

Regionalt miljøtilskot i jordbruket har søknadsfrist 15. oktober.

Av dei tiltaka du kan søkje om:

- seterdrift
- skjøtsel av kulturhistoriske områder (= setervoller og dyrkingsfelt i fjellet)
- bratt areal
- inga jordarbeiding om hausten (korn/ raigras)
- miljøvenleg spreing av husdyrgjødsel

Når du skal søkje om RMP-tilskot, gå inn på www.landbruksdirektoratet.no, der kan du logge deg rett inn på skjemaet i Altinn.

Merk, det er **to** ordningar å søkje på:

- Produksjons- og avløysartilskot
- Regionalt miljøtilskot

Kommunen skal gjennomføre kontroll av minst 10 % av søknadane (jf. Rundskriv 2020-29 frå Landbruksdirektoratet, punkt 5.1.). Under kontroll erfarer ein at det på søknaden er ført opp areal som ikkje er hausta ved slått eller beite. Dette medfører trekk/ avkorting i tilskot. Areal som av ulike grunnar midlertidig ikkje er i bruk, er ikkje berettiga tilskot og skal førast opp i kode 292 eller 293, jordbruksareal ute av drift.

BYGDEUTVIKLINGSMIDDEL / IBU- MIDDEL FOR 2021

Følgjande mail kom frå Innovasjon Norge (IN) 11.02.2021:

«Innovasjon Norge Innlandet opplever i år en rekordstor etterspørsel etter investeringsstøtte til landbruket.

Søknadsmassen er stor innen både grøntproduksjon og mjølk- og kjøttproduksjon. Hittil har vi mottatt ca. 150 søknader. Det er flott at så mange planlegger å oppgradere driftsopplegg og investerer i videre drift. Nasjonale og regionale føringer er utgangspunktet for de prioriteringer som gjøres i saksbehandlingen. Dessverre fører begrensede midler til at flere gode prosjekter vil komme til å få avslag.»

I grove trekk utgjør innkomne søknader nesten det 3-doble av tildelt ramme.

IN kan ikke nekte nokon å søkje, men anbefaler nå å innrette planlegginga mot søknad til 2022.

IN anbefaler engasjement i faglag/produsentlag for påverknad av framtidig rammetildeling.

Bygdenæring (tidlegare tilleggsnæring) har ei tildelt ramme på 20 % av potten. Her kan det framleis søkjast i 2021 !

Søknadsfrist

Ingen søknadsfrist, søknadene behandles fortløpende.

Særskilte prioriteringer for 2021:

- *frukt-, grønt- og veksthusnæringa*
- *tørke- og lageranlegg i kornproduksjon*
- *små og mellomstore bruk*
- *innen melkeproduksjonsbruk med 15-30 kyr*
- *økologiske produsenter som må gjøre større investeringer som følge av implementeringen av Eus økologiregelverk*

Tradisjonelt landbruk

I region Innlandet er produksjonene prioritert på følgende måte:

1a) Grovfôrbaserte husdyrproduksjoner. Omfatter også gjødsellager og driftsbygninger til aktiv setring. Modernisering av små og mellomstore melkeproduksjonsbruk og ombygging fra bås- til løsdrift, vil bli prioritert

fremfor større utvidelser innen melkeproduksjon eller nyetableringer og større utvidelser innen ammeku.

1b) All økologisk produksjon. På grunn av markedssituasjonen gis det ikke tilskudd til utvidelser eller nyetablering på egg, svin, kylling og kalkun.

2) Planteproduksjon for salg. Begrunnet i markedsmuligheter og klimautfordringer avsettes 15 % av midlene til tradisjonelt landbruk i Hedmark og Oppland i 2019 til prosjekter som bidrar til økt tørke- og lagerkapasitet i planteproduksjonen og vanningsanlegg innen frukt-, grønt- og bærproduksjon.*

3) Kraftfôrkrevende husdyrproduksjoner

**Det kan kun gis støtte til faste installasjoner i hht §3c i IBU-forskriften. Vanningsvogn og annet flyttbart overflateutstyr kan ikke inngå i støttegrunnlaget.*

Bygdenæring

Det er et ønske om å stimulere til nyskapende og gode prosjekter. Det er derfor ingen tydelig prioritering av midler til landbruksbaserte næringer. Det er imidlertid nasjonal oppmerksomhet og forventninger innen områdene lokalmat, landbruksbasert reiseliv, «inn på tunet», bioenergi og bruk av tre. Prosjekter innen disse områdene er velkomne!

Ekstra tilskudd for bygg i tre

I 2020, 2021 og 2022 innføres en ordning med ekstra tilskudd for bygg i tre for tradisjonelle landbruksproduksjoner for å stimulere til valg av klima- og miljøvennlige byggematerialer.

Ordningen gjelder nytt areal i form av tilbygg eller nybygg. Tre må være hovedmateriale i vegg og takkonstruksjoner.

- Massivtre, laft, sleppluft eller bindingsreisverk i kombinasjon med takstoler, buer, åser eller andre takløsninger i tre:
Inntil 20 % ekstra tilskudd avgrenset til kr. 400 000.*
- Kombinasjon med andre byggematerialer der tre er hovedmateriale:
Inntil 10 % ekstra tilskudd avgrenset til kr 200 000.*

Innovasjon Norge vurderer grunnlaget for ekstra tilskudd uavhengig av om det er søkt om det eller ikke.

Det kan ikke gis ekstra tilskudd til bygg for produksjoner som strider mot nasjonale føringer (som for eksempel utvidelse eller nyetablering av svine- eller eggproduksjon) eller prosjekter som er så lavt prioritert i de ulike fylkene at de ikke kan oppnå ordinært investeringstilskudd.

Særskilte prioriteringer av regioner

Trysil, Engerdal og samtlige Valdreskommuner.

Ikke prioriterte tiltak/områder:

Tradisjonelt landbruk

- Det vil ikke bli gitt tilskudd til utvidelser eller nyetablering på egg, svin, kylling og kalkun på grunn av markedssituasjonen.*
- Reinvestering i/utskifting av melkerobot er ikke prioritert.*
- Risikolån skal kun prioriteres i de områder av fylket hvor det er knyttet usikkerhet til panteverdier. Prosjektene må ha stor næringsmessig betydning for søker og for samfunnet ellers.*

Hvor mye kan vi finansiere?

Utmåling av støtte skjer individuelt ut fra en vurdering av lønnsomhet, soliditet, risikoavlastning og hvor mye støtte som skal til for at prosjektet blir gjennomført.

Følgende maksimalsatser gjelder

Investeringer

Det kan gis tilskudd til investeringer i faste anlegg og tilhørende produksjonsutstyr av varig karakter opp til 35 % av godkjent kostnadsoverslag. Øvre grense for tilskudd er 2 millioner per prosjekt. For lager for husdyrgjødsel kan det gis tilskudd inntil 20 % avgrenset til 100 000 kroner.

Ta kontakt med landbrukskontoret dersom de planlegg søknader til Innovasjon Norge.

LANDBRUKSFONDET I NORD-FRON 2021

Det kan gjevast tilskot frå landbruksfondet til nydyrking, kjøp av mjølkekvote, mindre utbetringar av fjøs/seterfjøs, tilleggsnæringer m.m.

Søknadsfristen er årleg den 15.april.

Ordninga har ikkje noko eige søknadsskjema.

Det er utval for miljø, landbruk og areal (MLA) som forvaltar fondet.

SMIL –Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 2021

I *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*, sist endra frå 1.1.2017 står det i §1 at: *Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.*

Landbrukskontoret har i samarbeid med faglaga i kommunen utarbeidd – *Tiltaksstrategier for spesielle miljøtiltak for landbruket (SMIL) for Nord-Fron kommune i perioden 2020-2023.*

Dokumentet er å finna på kommunen si heimeside.

Det er ikkje lenger krav om at ein må ha registrert eit føretak for å kunne søkje om SMIL-tilskot. Frå og med 2020 kan også personar som eig ein landbrukseigedom søkje om tilskot. Det er fortsatt eit vilkår om at det skal gå føre seg ein tilskotsberettiget produksjon på landbrukseiendommen og oppfyller vilkåra i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Søknadsfristen er årleg sett til den 15.april.

SMIL-søknader med vedlegg skal leverast via Altinn.

Dette kan ein gjera ved å gå inn på: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/>

Her klikkar du på fana *Jordbruk* og så på fana *Ordninger for jordbruk*.

Da får du opp ei liste over ulike tilskotsordningar, m.a. *Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket(SMIL)*. Når du klikkar på teksta kjem du

rett til boksen for søknadsskjema i Altinn og kan logge deg inn med bankId eller liknande.

I samband med sluttrapportering av SMIL-tiltak kan de bruke følgjande satsar for eige arbeid:

✚ Maksimalprisar som kan godkjennast til eige utført arbeid (ikkje fakturerte utgifter):

- Manuelt arbeid kr. 350/time
- Traktor m/ev. utstyr inkl. førar kr. 700/time
- Ved gravearbeid med eige gravemaskin, 8-12 t. kr. 850/time

Tilskotsgrunnlag i søknadar som gjeld vedlikehald av bygningar, er kostnadsoverslag ekskl. mva.

Øvrige prisar og tilskottsatsar går fram av *Tiltaksstrategi for SMIL for Nord-Fron kommune for 2020- 2023*, som er å finna på kommunen si heimeside. Landbrukskontoret har den også i papirutgåve.

Nord-Fron har i 2021 vorte løyvd ei ramme som er litt over fjorårets nivå, og vi oppmodar dei som planlegg SMIL-tiltak om å søkje.

Er det noko du lurar på, kontakt Landbrukskontoret tlf. 61 21 61 90.

Når det gjeld tiltak for å bevare eldre og verneverdige bygg så har kommunen siste året hatt god erfaring med å nytte bygningsvern-rådgivar frå Gudbrandsdalsmusea.

Informasjon frå heimesida til Gudbrandsdalsmusea:

Bygningsvern-rådgjevar Håvard Syse kjem gjerne på befaring og svarar på spørsmål du måtte ha om gamle hus, byggeskikkar, ny bruk, eller tilpassing av nye bygningar til gammalt gardsmiljø. Han kan òg bistå med søknader om tilskot. Bygningsvern-rådgjevaren har lokal spisskompetanse innanfor antikvarisk arbeid på gamle hus, byggeskikk og handsverkstradisjonar i Gudbrandsdalen.

Pris er 550 kroner per time. Eigarar av gamle hus får åtte timar til rådvelde gratis. Dette inkluderer synfaring og hjelp med eventuelle søknadar om tilskot.

E-post: havard.syse@gudbrandsdalsmusea.no

Telefon: 456 05 347

Adresse: Lesja bygdemuseum, Lesja, Norge

TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER

Formålet med tilskot til tiltak i beiteområder er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda. Landbrukskontoret i Nord-Fron har i samarbeid med faglaga i kommunen utarbeidd lokale retningslinjer for Nord-Fron. Dokumentet er å finna på heimesida til kommunen. Landbrukskontoret har den også i papirutgåve.

Søknad om tilskot til tiltak med vedlegg skal leverast via Altinn.

Dette kan ein gjera ved å gå inn på: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/>
Her klikker du på fana *Jordbruk* og så på fana *Ordninger for jordbruk*.
Da får du opp ei liste over ulike tilskotsordningar, m.a. *Tilskudd til tiltak i beiteområder*. Når du klikker på teksta kjem du rett til boksen for søknadsskjema i Altinn og kan logge deg inn med bankId eller liknande.

TILSKOT TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD

Søknader om tilskot til drenering av jordbruksjord skal sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/ Altinn. <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/>

Jf. *Forskrift om drenering av jordbruksjord*, så kan tilskot til drenering av jordbruksjord avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjera kr. 2000 pr. dekar. Ved anna grøfting kan det gjevast kr. 30 pr. løpemeter grøft avgrensa oppad til kr. 2000 pr. dekar.

Tiltaket må gjennomførast innan tre år frå søknaden vart innvilga.

Har du spørsmål eller treng hjelp til å søke, kontakt landbrukskontoret.

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord kan leverast fortløpande med siste frist 1. oktober.

NYDYR KING

Nydyrking er eit søknadspliktig tiltak. Ved søknad om nydyrking skal det nyttast eige søknadsskjema som skal leverast kommunen.

Søknadsskjema er å finna på kommunen si heimeside, eller:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/ordninger-for-eiendom/soke-om-nydyrking?resultId=0.0&searchQuery=nydyrking>

Landbrukskontoret har søknadsskjema på papir.

Landbruksfondet i Nord-Fron kan gi støtte til nydyrking.

KOMMUNAL GODKJENNING AV 5-ÅRIG GJØDSLINGSPLAN

Dei føretaka som disponerer husdyrgjødsel frå mindre enn 5 gjødseldyreiningar (t.d. 5 mjølkekyr, 15 ungdyr av storfe, 8 ammekyr, 35 vinterfôra sauer, 18 slaktegris), med ei enkel driftsform, dvs. at gjødslingsbehovet varierer svært lite for dei einstilte skifta frå år til år, kan søkje kommunen om gjødslingsplan som kan vare i inntil 5 år. Søknadsskjema på papir er å få på landbrukskontoret. Kart, analyseresultat av jordprøver og gjødslingsplan skal leggjast ved søknaden.

Det er utarbeidd **elektronisk søknadsskjema**. Skjema ligg på kommunen si heimside. Du finn det under søknadsskjema og landbruk: <https://www.nord-fron.kommune.no/sd/skjema/NFR019/>

SØKNAD OM LØYVE TIL SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL PÅ ENG UTAN NEDMOLDING UTANOM TILLATE PERIODE

Det er utarbeidd **elektronisk søknadsskjema**. Skjema ligg på kommunen si heimside. Du finn det under søknadsskjema og landbruk: <https://www.nord-fron.kommune.no/sd/skjema/NFR007/>

Landbrukskontoret har papirskjema.

REGISTRERING AV LAG OG FORENINGAR I BRØNNØYSUNDREG.

All post frå kommunen blir sendt via SvarUt/ SvarInn. Dette inneber at du får brev frå kommunen i din innboks i Altinn. Det er difor viktig å ha rett adresse.

Det er særleg viktig at alle lag og foreningar til einkvar tid er oppført med rett kontaktinformasjon i Brønnøysundregisteret.

PROSJEKT HOLD INNLANDET RENT

Hold Innlandet Rent er no etablert som ein eigen organisasjon. Det er viktig at arbeidet med rydding av plast og avfall i og rundt våre store vassdrag blir ivareteke av ein eigen organisasjon, som i større grad sikrar at dette viktige arbeidet blir utført i eit lengre tidsperspektiv. Prosjektet har så langt medført at det har blitt fjerna 25 tonn avfall frå Gudbrandsdalslågen og sideelver, og det har vore 5000 friviljuge involvert i dette arbeidet.

Det er i 2021 lagt opp til at fjerning av anna avfall på avvege (ikkje landbruksplast og villfyllingar) blir utført av friviljuge. Vidare vil det bli ein meir målretta opprydding utført av profesjonelle når det gjeld landbruksplast og villfyllingar.

Kontaktperson for prosjektet er prosjektleiar Camilla Tysland Lillehagen camilla@framtiden.no

Nord-Fron kommune vil oppmode til at **rundballer m.m. ikkje blir lagra langs vassdrag - Gudbrandsdalslågen.**

AREALENDRINGAR PÅ GARDSKART

Landbrukskontoret må varslast så fort som mogleg, og seinast 1. august, om nydyrka areal (ferdig sådd), nye beiteareal som er rydda, og eventuelt andre arealendringar på garden (til dømes dyrka jord som er nedbygd).


Alle arealendringar må vera ferdig digitalisert i Gardskart seinast 28. august for at det skal vera mogleg å søkje produksjonstilskot og ev. regionalt miljøtilskot på arealet ved registreringsdato 01.10.2021.

Ved varsling til Landbrukskontoret om endring/oppmåling av areal på eigedomen, gi beskjed om du vil delta på oppmålinga.

GJERDEPLIKT

Gjerdehald er tema vi på landbrukskontoret ofte får spørsmål om. Når det gjeld «Lov om grannegjerde» er det etter kvart liten kunnskap overlevert frå førre generasjon om kvar garden har gjerdeplikt. På Lomsætra er dette problemet gripi fatt i, og det er nå semje om kva gnr/bnr som har gjerdeplikta på «sin» halvdel av grannegjerdet. Semja om gjerdeplikta er digitalisert i kart.

Utsnitt av kartet for gjerdeplikta på Lomsætra ligg på neste side. Ta kontakt med landbrukskontoret dersom andre områder i kommunen har behov for same avklaring.



PROSJEKT NOFENCE PÅ STORFE I MIDT-GUDBRANDSDALEN

Utmarksbeite er ein viktig ressurs for husdyrbruket i Midt-Gudbrandsdalen. I dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdalen er det omlag 4.500 storfe som beiter i utmark jf. organisert beitebruk. I dette 2-årige prosjektet ønskjer vi å prøve ut Nofence-teknologien på storfe for å utnytte utmarksbeitet best mogleg som ressurs. I dette ligg eit ønskje om å styre beitinga til område der vi vil at dyra skal gå.

Målet er å finne ut korleis ein kan styre beiting i utmark hos storfe ved bruk av Nofence klaver. I denne samanheng er det er ein del praktiske spørsmål vi vil ha svar på, som bl.a.:

1. Kor mange av dyra i ein flokk må ha klave på seg for å halde flokken samla?
2. Kva for dyr bør ein velje ut til å ha klave dersom ikkje alle skal ha?
3. Kva er ideell storleik på flokken?
4. Kva er behovet for sperregjerder når ein brukar Nofence?
5. Andre faktorar som kan virke inn på om flokken held seg samla, som landskap/topografi, saltplassar, vêr, tilgang på beitegras m.m.
6. Andre forhold som måtte ha betydning.

Prosjektet blir organisert som eit interkommunalt prosjekt gjennom samarbeid mellom landbrukskontora i kommunane. Prosjektet samarbeider med Oppland Radiobjøllelag. Oppland Radiobjøllelag står for innkjøp av klavar, som i prosjektperioden er øyremarka til bruk i prosjektet.

Det blir ein prosjektbuskap i kvar kommune, og skal omfatte:

- Totalt 50 Nofence klaver og 50 radiobjøller i 2021.
- Totalt 70 Nofence klaver og 70 radiobjøller i 2022.

Styringsgruppe/prosjektleiing vil bestå av dyreeigar/beitelag, landbrukskontora i kommunane, Oppland Radiobjøllelag og Statsforvalteren i Innlandet.

MIDTDALSBONDEN.NO – nettstaden for landbruket

På nettstaden www.midtdalsbonden.no kan du følgje landbruket i Midt-Gudbrandsdalen. Her finn du nyheiter og informasjon som gjeld landbruket, som til dømes ulike arrangement, tilskotsordningar og søknadsfristar.

Nettstaden er eigd og blir drive av Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor og landbrukskontoret i Nord-Fron. Midtdalsbonden er og på facebook, www.facebook.com/MidtdalsbondenInnIFramtida

BIOGASSANLEGG I MIDT-GUDBRANDSDALEN

Kommunane Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron, samt Midt-Gudbrandsdal renovasjonsselskap (MGR) har gjennomført eit moglegheitsstudie knytt til etablering av eitt eller fleire utvinningsanlegg for biogass basert på husdyrgjødsel og eventuelt våtorganisk avfall i Midt-Gudbrandsdalen. Det er Multiconsult som har utført studien.

Utgangspunktet for studien er knytt til moglegheitene for å hovudsakleg nytte husdyrgjødsel som substrat for eit biogassanlegg. Del 1 av prosjektet er gjennomført, og viser at det er grunnlag for etablering av eit biogassanlegg i Midt-Gudbrandsdalen.

Kommunane er no i gang med forprosjekt del 2, kor følgande spørsmål skal bli utgreidd:

1. Kartlegge råvaregrunnlag og marknadspotensiale for biogass (Rambøll).
2. Kartlegge økonomiske og tekniske forhold ved biogassanlegg (Norconsult).
3. ROS-analyse av biogassanlegg (Trifid).

Del 1 av forprosjektet (råvaregrunnlag og marknadspotensiale) vart ferdig hausten 2020. Resultata i rapporten viser at mange av gardbrukarane i Gudbrandsdalen kan vere interessert i å levere husdyrgjødsel til eit biogassanlegg, og at den samla tilgjengelege husdyrgjødsla frå desse gardane var på til saman 138.500 m³/år.

Samstundes viste og undersøkinga at det var behov for meir informasjon ut til gardbrukarane om kva det inneber å vere tilknytt eit anlegg som leverandør og mottakar av bioest.

I løpet av vinteren 2021 vil Norconsult jobbe med ein rapport om dei økonomiske og tekniske tilhøva ved eit eventuelt biogassanlegg. Til slutt skal Trifrid utarbeide ei ROS-analyse. Til saman vil desse rapportane danne eit godt grunnlag for å vidare bestemme om det skal gås vidare med å bygge eit biogassanlegg i Midt-Gudbrandsdalen.

INFORMASJON FRÅ MATTILSYNET

Mattilsynet har oppnemnt ny dyrevernemnd i Gudbrandsdalen for perioda 2021-2024.

Tidlegare organisering for avdeling Gudbrandsdal har vore:

Dyrevernemnda i Gudbrandsdal Nord (8 kommunar): 8 medlemmer.

Dyrevernemnda i Gudbrandsdal Sør (4 kommunar): 4 medlemmer.

Ny organisering for avdeling Gudbrandsdal blir: Dyrevernemnda i Gudbrandsdal (alle kommunar): 4 medlemmer.

Dyrevernemnda i region øst, avd. Gudbrandsdal for perioden 2021-2024:

Sør-Fron	Inger Johanne Kjørstad
Sel	Karstein Sanden
Lom	Hans Erik Kolden
Gausdal	Elisabeth Vegerstøl

Mattilsynet informerar:

Mattilsynet vil i 2021 føre tilsyn med at småfeprodusenter oppfyller de kravene som gjelder for flytting av småfe. Reglene for flytting av småfe skal hindre smitte.

Begrensninger for flytting av småfe mellom besetninger er det mest effektive tiltaket vi har for å begrense spredning av alvorlige smittsomme sykdommer hos småfe. Det er derfor viktig at du som småfeprodusent følger reglene for flytting av småfe.

Dette ser vi etter

Tilsynet skal ha fokus på følgende:

- *At reglene for flytting av småfe er oppfylt*

- *At du har merket dyrene som er flyttet på riktig måte*
- *At du har rapportert flyttingen av dyrene til Mattilsynet*

Samtidig som vi gjennomfører tilsyn med dette kommer vi til å føre tilsyn med at du oppfyller regelverk for merking, registrering og rapportering av småfe. Vi ønsker også å informere deg om Skrapesjuka og TSE-klasser.

Dette bør dere være forberedt på

Under tilsynet vil vi se på følgende:

- *nødvendig dokumentasjon på eventuell flytting av småfe til besetningen din (egenerklæring, veterinærattest og eventuell tillatelse til flyttingen)*
- *dyreholdjournal*
- *rapportering til Husdyrregisteret.*
- *Vi vil samtidig veilede deg om følgende krav:*
 - o *Småfe som blir flyttet skal alltid følges av et transportdokument*
 - o *Dersom du tar småfe fra andre besetninger inn i din besetning har du plikt til å rapportere flyttingen til Mattilsynets skjematjeneste*

På grunn av koronasituasjonen vil noen av disse tilsynene bli gjennomført digitalt.

Telefonkabler som har falt ned:

Det hender at telefonkabler fell ned frå stolpar, spesielt når det er mykje snø og tre fell over kablane. Slike kablar er til fare for dyr som kan sette seg fast. Ein har hatt døme på elg med gevir som er surra fast i telefonkabel. Det er Telenor som har ansvaret for å utbetre eller fjerne slike kablar, men dei er avhengige av beskjed om kor det er lause evt. nedfelte kablar.

Ein oppmodar alle som oppdagar lause evt. nedfelte kablar om å gje beskjed på tlf. 915 09 000, eller skriftleg på nettsida telenor.no:

Meld skade på Telenors kabelnett

TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK (NMSK) I SKOGBRUKET

Innleiing

Kommunen har ansvaret for forvaltning av alle tilskotsordningane som går inn under NMSK-forskrifta. Tilskotssatsar og prioritering av tiltak for tilskot er drøfta lokalt med kontaktutvalet for skogbruk, kor skogbruksansvarleg frå kommunen, skogbruksleiar i Glommen Mjøsen Skog SA og representant frå Fron Skogeigarlag deltek.

Kommunalt skogbruksansvarlege i Gudbrandsdalen har bestemt at det skal vere stor grad av regionalt samarbeid i samband med forvaltning av NMSK-midlane. Det vil seie at kommunane i fellesskap har diskutert overordna retningsliner for NMSK-midlane, og val av tilskotssatsar. Kommunane i Gudbrandsdalen har lagt opp til at det vil vere mogleg å omfordele NMSK-midlane kommunane i mellom ved behov. Det er også lagt opp til at tilskot til vegbygging og taubanedrifter blir forvalta regionalt.

Tilskotsordningane kan omfatte tilskot til skogkulturarbeid, bygging av skogsvegar, miljøtiltak i skog, driftstilskot til drift med taubane og hest, utdrift av vyrke til bioenergi og tilskot til tiltak og prosjekt som bidreg til å utvikle skogbruket i ein kommune eller region, når tiltaket eller prosjektet ikkje blir omfatta av andre etablerte tilskotsordningar i landbruket.

Overordna krav for å kunne motta NMSK-tilskot

For at tiltak skal kunne motta NMSK-tilskot må dei gjerast i høve til aktuelt lovverk og norsk PEFC skogstandard. Alle tiltak som skal motta NMSK-tilskot må vere økonomisk, økologisk og skogfagleg forsvarlege.

Dersom tiltak blir utført som eige arbeid, eller i regi av eigne tilsette, kan tilskot gis til «normale» arbeidskostnadar, det vil seie at kostnaden ikkje skal overstige tilsvarande kostnad ved å leige inn profesjonelle entreprenørar til å utføre arbeidet.

Tilskotssatsar og vilkår

Tilskot til skogkulturtiltak, NMSK-forskrifta §4

I 2021 er det mogleg å få NMSK-tilskot til følgjande skogkulturtiltak:

Tiltak	Tilskotssats
Planting i høgdelag 7 og 8 (over 650 moh)	20 %
Suppleringsplanting	30 %
Markberedning	40 %
Ungskogpleie	40 %

I tillegg til desse tiltaka finnast det og nasjonale tilskotsordningar til tettare planting, suppleringsplanting og gjødsling av skog. Dei nasjonale tilskotsordningane har eigne retningslinjer, som er tilgjengelege på Landbruksdirektoratets nettsider. Kommunen er saksbehandlar på dei nasjonale tilskotsordningane.

Tilskot til tettare planting (gjennom den nasjonale ordninga) kan kombinerast med tilskot til planting i høgdelag 7 og 8. Tilsvarende kan tilskot til suppleringsplanting kombinerast med nasjonal tilskotsordning.

Vilkår:

- Alle skogkulturtiltak som det blir søkt tilskot til må kartfestast.
- For å vere berettiga tilskot må alle tiltak vere utført på ein skogfagleg forsvarleg måte.
- Ungskogspleie må utførast før gjennomsnittshøgda etter inngrep overstig 8 meter.

Tilskot til vegbygging, NMSK-forskrifta §5

Det kan gis inntil 40% tilskot til nybygging eller ombygging av skogsbilvegar, og inntil 30% tilskot til nybygging eller ombygging av traktorvegar. I spesielle høve kan høgare tilskotssats vurderast, til dømes ved bruk av profesjonell vegplanleggar. Kostnadar til utarbeiding av byggeplan kan tas inn som ein del av tilskotsgrunnlaget.

Dersom det nyttast profesjonell vegplanleggar kan kostnadar til oppfølging av byggeprosjektet (innleigd byggeleiar) også tas inn i tilskotsgrunnlaget.

Godkjent vegplanleggar i Innlandet er Erik Gjerstadberget, mobil 416 94 122.

Vilkår:

- Minimum anleggskostnad for at veger skal kunne kome i betraktning for tilskot er kr 30 000,-
- Det er berre vesentlege opprustingar til ei betre vegklasse i samsvar med landbruksvegnormalane som er tilskotsberettiga. Ordinært vegvedlikehald er ikkje tilskotsberettiga.
- Det kan berre gis tilskot til vegar som er godkjent etter gjeldande *Forskrift om planlegging og godkjenning av veger til landbruksformål*, eller etter plan- og bygningslovas bestemmelser.
- Vegen må byggast i samsvar med gjeldande *normaler for landbruksveger med byggebeskrivelse* (LMD 2013).
- Før anleggsarbeidet blir sett i gang skal det føreligge byggeplan som kommunen har godkjent.
- Tilskot gis berre til skogdelen av veganlegget.
- Det er eit krav om at vegen blir vedlikehalde til den standard som den opprinneleg blei bygd. Kravet er sett til å gjelde i 25 år.
- Ved fellestiltak skal det føreligge ei skriftleg avtale mellom deltakarane om fordeling av kostnadar og ansvar i samband med tiltakets gjennomføring, og eventuelle vilkår som blir knytt til seinare oppfølging og vedlikehald.

Tilskot til punktutbetringar på eksisterande skogsbilvegar

Det kan gis tilskot til tiltak som fjerner flaskehalsar på skogsbilvegnettet, som til dømes utbetring av bruer, kulverter og stikkrenner, utviding av snuplassar, opprustingar av strekningar med dårleg bereemne eller utbetring av strekningar med for liten vegbreidde.

Det gis inntil 40% tilskot til punktutbetringar og inntil 50% tilskot til utbetring eller utskifting av bruer.

Vilkår:

- Minimum anleggskostnad for at punktutbetringar skal kome i betraktning for tilskot er kr 30 000,-
- Søknad om ombygging av skogsbilveg må vere godkjent av kommunen etter gjeldande *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*, eller etter plan- og bygningslovas bestemmelser, før punktutbetringa gjennomførast.

- Punktutbetringa skal utførast ihht. tekniske krav for vegklasse 3 eller 4 i gjeldande *normaler for landbruksveger med byggebeskrivelse*.
- Tilskot gis berre til skogdelen av punktutbetringa.
- Ordinært vegvedlikehald og grøftereinsk er ikkje tilskotsberettiga.

Tilskot til miljøtiltak i skog, NMSK-forskrifta §6

Det kan gis tilskot til følgjande miljøtiltak:

- Dekning av meirkostnadar eller tap ved å gjennomføre skjøtselstiltak for å ivareta og utvikle miljøverdiar.
- Delvis dekning av økonomiske tap knytt til langvarig bevaring av spesielle miljøverdiar, der omsyn til desse krev at skogeigaren avstår frå hogst eller legg om skogsdrifta.
- Dekning av meirkostnadar ved skogsdrift for å unngå vegbygging som vil redusere *villmarkspregede områder*.

Det er eit vilkår for utbetaling av tilskot at miljøverdiane kan påvisast og dokumenterast, og at meirkostnaden eller tap er tilstrekkeleg dokumentert. Berekning av tap knytt til langsiktig bevaring av spesielle miljøverdiar går fram av skriv fra Landbruksdirektoratet av 26.8.2019 – *Beregning av tap og tilskudd etter NMSK-forskriften §6b*.

Normalt skal tilskot til ein enkelt skogeigar ikkje overstige kr 75.000,-. Skogeigaren og kommunen skal inngå ei avtale om pliktar og restriksjonar knytt til tiltaket. Slike avtaler bør normalt vere på 10 år.

Tilskot til drift med taubane, hest og anna, NMSK-forskrifta §7

Tilskot til taubanedrift

Tilskot til taubanedrift gis som ein fast sats per m³ vyrke (gran, furu, lauv) levert til industriføremål. Tilskotssatsen er uavhengig av banelengde. Tilskotsordninga omfattar bruk av taubane og slepebane.

Tilskotssatsar til taubanedrift i 2021:

- Gran: 220 kr/m³.
- Furu/Lauv: 240 kr/m³.

Det er mogleg å søkje tilskot for tilrettelegging av stand-/velteplass. Det kan gis tilskot på inntil 50% av dokumenterte kostnadar for planering, graving av bardunfeste, utviding av oppstillingsplass osv. Maksimal anleggskostnad er kr 25 000,-.

Kippekostnadar (kipping på bilveg) kan søkjast kompensert med kr 10/m³, mot dokumentasjon.

Vilkår:

- Tilskot gis berre til hogst av skog i hogstklasse 4 eller 5.
- Det kan gis tilskot berre dersom bruk av taubane ut i frå lokale driftsforhold er eit rasjonelt og hensiktsmessig driftsopplegg.
- Tilskot til taubanedrift skal ikkje motverke utbygging av eit rasjonelt vegnett innafor eit naturleg avgrensa driftsområde.
- Området må vere avsett til landbruksføremål i arealplanen, og arealet skal framleis brukast til skogbruksføremål. Der arealet skal omdisponerast til andre føremål gis ikkje tilskot.
- Det må vere gjennomført miljøregistreringar på eigedomen før hogsten gjennomførast. På eigedomar med mindre enn 100 dekar produktiv skog er det tilstrekkeleg med dokumentert føre-var-vurdering før hogst.
- Tømmerleveransar som skal danne grunnlag for tilskot må vere registrert i skogfondssystemet.
- Vrak/anna vyrke med bruttoverdi kr 0 i skogfondssystemet er ikkje tilskotsberettiga.
- Endrast tilskotssatsen i løpet av hogstperioden nyttast dato på målekvitteringa for fastsetting av tilskotssats.
- Det er eit krav at areal med granbonitet blir tilplanta i driftsåret eller påfølgjande år, det vil seie at taubanedrifter som avvirkast i 2021 seinast skal tilplantast i løpet av 2022.
- Furumark skal sikrast tilfredsstillande forynging etter hogst.
- Der det blir søkt om tilskot til tilrettelegging av standplass/velteplass må anlegging av standplass først vere søkt om og godkjent av kommunen. Søknadsskjema LDIR_902 nyttast til å søke om bygging av standplass/velteplass.

Tilskot til manuell 1. gongs tynning

Det kan gis tilskot til manuell 1. gongs tynning i hogstklasse 3 (yngre produksjonsskog). Tynning med hogstmaskin er ikkje berettiga tilskudd.

Tilskot til drift med hest

Det kan gis tilskot til drift med hest i vanskeleg terreng. Tilskotet gis som ein fast sats pr. m³ tømmer levert til industriføremål. For 2021 er tilskotssatsen 50 kr/m³.

Vilkår:

- Tømmerleveransar som skal danne grunnlag for tilskot må vere registrert i skogfondssystemet.

Tilskot til andre tiltak i skogbruket, NMSK-forskrifta §8

Det kan gis tilskot til andre tiltak og prosjekt som bidreg til å utvikle skogbruket i kommunen, når tiltaket eller prosjektet ikkje blir omfatta av andre etablerte tilskotsordningar i landbruket. Aktuelle tiltak er til dømes prosjekt som har som mål å auke aktiviteten og ressursutnyttinga i og frå skogen.

Søknadsprosedyre, søknadsfrister og saksbehandling

Tilskot til skogkulturtiltak

Søknadsprosedyre:

- Søknad om tilskot til skogkultur leverast inn etter at tiltaket er gjennomført. Søknadar om tilskot leverast og saksbehandlast i samanheng med eventuell søknad om utbetaling frå skogfond til tiltaket. Kostnadar dokumenterast gjennom kopi av faktura, dersom arbeidet er utført av innleigd entreprenør. I mange høve kan avkryssingsfelt på faktura frå entreprenør fungere som tilskotssøknad, så framst desse felte fyllast ut og fakturaen blir underskrive. Elles nyttast søknadsskjema LDIR_909.
- Dersom arbeidet er utført i eigen regi nyttast søknadsskjema LDIR_909.
- Alle tilskotssøknadar må ha underskrift.

Søknadsfristar:

- Frist for å søke om tilskot til skogkulturtiltak er utgangen av kalenderåret etter at tiltaket er gjennomført, dvs. at for skogkulturtiltak gjennomført i 2021 er søknadsfristen 31.12.2022. (Same frist som søknad om utbetaling frå skogfond).
- For å vere sikra dei tilskotssatsar og vilkår som gjeld i 2021 må utbetaling av tilskot skje i løpet av 2021. For å få utbetalt tilskot i 2021 må søknaden om tilskot leveres inn seinast 1.12.2021.

Saksbehandling:

Søknadar om tilskot til skogkultur behandlast fortløpande i løpet av året.

Tilskot til vegbygging

Søknadsprosedyre:

- For å kunne søke om tilskot til vegbygging må søknad om bygging av landbruksveg vere godkjent først.
- Søknad om tilskot til vegbygging leverast til kommunen, søknadsskjema LDIR_903 skal nyttast. Byggeplan med arbeidsbetrivelse/linjebetrivelse og kostnadsoverslag skal ligge ved søknadsskjemaet.
- Dersom det er eit veglag som står for utbygginga skal veglagets godkjente og signerte vedtekter, samt årsmøtereferat, ligge ved tilskotssøknaden.

Søknadsfristar:

Kommunen tar fortløpande i mot søknadar om NMSK-tilskot til skogsveganlegg.

Saksbehandling:

Som hovudprinsipp er det ein føresetnad at tilskot til skogsvegprosjekt skal utløyse aktivitetssauke og bidra til auka utnytting av skogressursane i vegens dekningsområde. Dersom det kjem inn fleire tilskotssøknadar enn kva som er tilgjengeleg av tilskotsmiddel, vil vegprosjektas potensiale for å utløyse aktivitetssauke og bidra til auka utnytting av skogressursen vere grunnlaget for prioritering mellom prosjekta.

Den konkrete vurderinga av vegprosjektas emne til å oppfylle denne målsettinga vil innebere ei vurdering av fleire faktorar, som til dømes:

- Vegens lengde.

- Vegens dekningsområde.
- Kvantum i hogstklasse 4 og 5 som soknar til vegen.
- Tal interessentar i vegprosjektet.
- Eit operativt veglag med fungerande styre, godkjente vedtekter og regelmessige årsmøter.

Tilskot til miljøtiltak i skog

Søknadsprosedyre:

- Søknad om tilskot til miljøtiltak i skog leverast til kommunen, søknadsskjema LDIR_911_B skal nyttast.
- Det må leggest ved nødvendig dokumentasjon og kart ved søknaden. Dei ulike miljøtiltakseiningane skal vere kartfesta. Det skal og leggest ved oppsett som viser grunnlaget for berekna meirkostnad/tap på den enkelte miljøtiltakseining.

Søknadsfrister:

Kommunen tar fortløpande i mot søknadar om tilskot til miljøtiltak i skog.

Saksbehandling og utbetaling:

Vilkår for utbetaling av tilskotet er at miljøverdiane kan påvisast og dokumenterast, og at meirkostnaden eller tap er tilstrekkeleg dokumentert. Avtale med skogeigar er generelt ein føresetnad for utbetaling av tilskot. Normalt skal tilskot til ein enkelt skogeigar ikkje overstige kr 75.000,-.

Tilskot til drift med taubane, hest og anna

Søknadsprosedyre:

- For å vere sikra tilskot må kommunen ha gitt førehandstilsegn om tilskot før drifta settes i gang.
- Søknad om førehandstilsegn kan sendast i form av eit brev. I søknaden må det angis kor det skal avvirkas, kor stort volum som forventast, kva slags treslagssamansetning som forventast og når det skal avvirkast. Det bør og angis om det er gjennomført MIS-registrering på eigedommen. Det må følgje med eit kart som viser driftsområdet.

Søknadsfrister:

Kommunen tar fortløpande i mot søknadar om førehandstilsegn på tilskot til taubanedrifter.

Saksbehandling og utbetaling:

- Drifta må førehandsvurderast av kommunen, samt behandlast etter naturmangfoldlovas prinsipp §§ 8-12. Tiltaket skal også førehandsvurderast i forhold til potensiell fare for flom- erosjon- eller skredskadar på omkringliggende bustadar, anlegg eller annan infrastruktur (vegar, jernbane osv.).
- Kommunen gir førehandstilsegn på tilskot til eit bestemt hogstkvantum.
- Søknad om utbetaling av tilskot sendast etter at drifta er gjennomført og alt tømmer målt inn. Søknadsskjema SLF 916 skal nyttast.

Klageadgang

Alle enkeltvedtak angående NMSK-tilskot kan påklagast etter kapittel 6 i forvaltingslova. Statsforvalteren i Innlandet er klageinstans og klaga sendast via kommunen. Klagefrist er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt.

Tilskotssatsar NMSK - 2021, Nord-Fron kommune

Føremål	Tilskotssats	Kommentarar
Nyplanting, høgdelag 7/8	20%	I tillegg tilskot til tettare planting.
Suppleringsplanting	30%	I tillegg 30% klimatilskot.
Ungskogpleie	40%	
Markberedning	40%	
Nybygging og ombygging av skogsbilvegar	Inntil 40%	
Nybygging og ombygging av traktorvegar	Inntil 30%	
Punktutbetring av vegar	Inntil 40%	Inntil 50% for bruer.
Taubanedrift	Gran kr 220/m ³ Furu/Lauv kr 240/m ³	
Tilrettelegging av standplass mv. (taubane)	50%, max. kr 12.500	
Kipping i samband med taubanedrift (bilveg)	Kr 10/m ³	
Drift med hest	Kr 50/m ³	
Førstegongs man. tynning	Kr 600/dekar	

Nasjonale tilskotsordningar 2021

Gjødsling

- Gjødsling av skog i vekstsesongen med 15 kg N pr dekar ca. 10 år før hogst gir god klimaeffekt gjennom auka tilvekst og derved auka binding av CO².
- Den auka tilveksten gir svært god lønnsemd for skogeigar og kan gi 15-40% årleg realavkasting.
- Prioriter tette bestand i hogstklasse 4. Veksterlege bestand av furu i tidleg hogstklasse 5 kan gjødslast dersom dei ikkje planleggast hogd før om lag 10 år. Sein hogstklasse 3 kan gjødslast nokon år etter at eventuelle tynningar er avslutta.
- Rett utført har tiltaket liten eller ingen negativ påverknad på naturmiljøet.
- **Det kan gis inntil 40% tilskot til gjødsling av skog.**

Tettare planting

- Tilskotsordninga har som mål å auke talet skogplanter ved forynging av eksisterande skogareal.
- Tiltaket er ein del av ordinær skogplanting etter hogst, og medfører ikkje nye måtar å bruke hogstareala på.
- Tilskot til tettare planting skal gjennom optimal utnytting av produksjonsemna bidra til auka binding av CO².
- Auke av tettleiken utover det optimale vil ha redusert klimaeffekt og omfattast derfor ikkje av ordninga.
- Alle skogeigarar som har meir enn 10 dekar produktiv skog og som har oppfylt kravet om minimum utplantingstal kan søkje om tilskot.
- **Det kan gis inntil 60% tilskot til skogeigarar som plantar inntil 50 planter per dekar utover eit fastsett, bonitetsavhengig minimumstal.**

Suppleringsplanting

Den årlege resultatkarlegginga skogbruk/miljø viser at 10% av hogstarealet i Noreg som blei kontrollert 3 år etter hogst, hadde eit forventa plantetal under minstekravet i *Forskrift om bærekraftig skogbruk*. Dette viser at eit betydeleg skogareal ikkje har tilfredsstillande tettleik og utnyttar derfor ikkje produksjonsemna.

På foryngingsfelt med låg plantetettleik vil klimaeffekten av suppleringsplanting utvilsamt vere stor. **For 2021 gis det 30% tilskot til**

suppleringsplanting, uavhengig av kor mange planter som suppleres inn. Men det er eit krav at plantetettleik etter supplerings tilfredsstillar det fastsette minimumstal per dekar ved tettare nyplanting.

Utviklingsdyktige planter av ønskt treslag med ein innbyrdes avstand på minst 1 meter som vil inngå i framtidsbestanden, kan teljast med når plantetettleik etter supplerings skal vurderast. Tilskotet kan gis for supplerings på alle bonitetar.

Søknadsfristar for skogeigar er 1. august for planting om våren, og 7. november for planting om hausten.

Meir informasjon om de ulike tilskotsordningane i skogbruket finn du her: www.statsforvalteren.no/nb/innlandet og www.landbruksdirektoratet.no

TILSTANDSREGISTRERING FOR BRUER PÅ PRIVATE SKOGSBILVEGAR I GUDBRANDSDALEN

Føremål: Kartlegge tilstand og avklare behov for tiltak på private bruer/kulverter som er av betydning for skogbruket. Kartlegginga skal vere eit viktig verktøy i arbeidet med å sikre god standard på skogsbilvegnettet.

Geografi og verkeområde

Prosjektet omfattar 12 kommunar i Gudbrandsdalen dvs. Lesja, Dovre, Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu, Øyer, Gausdal og Lillehammer.

Tilstandsregistreringa gjeld private bilveger som er av betydning for skogbruket, og avgrensa til tekniske installasjonar definert som kulvert eller vegbru.

Organisering av arbeidet/ styringsgruppe

Arbeidet organiserast ved at det blir etablert ei styringsgruppe bestående av minst 3 skogbruksansvarlige i kommunane, samt ein representant frå Statsforvalteren i Innlandet. Styringsgruppa blir leia av ein kommunerepresentant.

Styringsgruppa har ansvaret for finansiering, samt avtaler om tenestekjøp frå ekstern kontrollør. Den eksterne kontrolløren utfører

tilstandsregistreringa, og denne skal utførast med eit definert innhald/standard og til ein fastsett pris. Det skal opprettast eige avtale mellom kontrollør og det enkelte veglag/ eigar iht. bestilling.

Metodikk og innhold i tilstandsregistreringa skal minimum bygge på faghefte frå *Skogkurs* (2012) med tittelen «*Inspeksjon av bruer på landbruksveger*».

Budsjett og finansiering

- Ved at kommunane tilrettelegg og organiserar felles gjennomføring av fleire kontrollar vil dette utløyse ei betydeleg innsparing som gir lågare kostnad i forhold til bestillingar av enkeltkontrollar.
- Prosjektet legg opp til at veglaget/ eigar får ein eigenandel på 50%, og den øvrige halvdelen dekkast gjennom prosjektet med offentlege middel. Eigenandelen kan ikkje dekkast med skogfond.
- Eigenandelen settast til eitt fast kronebeløp tilsvarande 50% av kontrollkostnaden, og den øvrige halvdelen som dekkast gjennom prosjektet vil ikkje variere i forhold til skogandelen på veien.
- Gjennomsnittlig kontrollkostnad (eks. mva) er sett til kr 6.000/ bru, dvs. eigenandel for veglaget /eigar blir kr 3.000 per kulvert eller vegbru.

NB! Dei som vil delta i prosjektet tek kontakt med skogbrukssjefen.


ELGMERKEPROSJEKT

Prosjektet er eit samarbeid mellom dei 11 kommunane Vågå, Sel, Nord-Fron, Sør-Fron, Gausdal, Lillehammer, Gjøvik, Nordre-Land, Etnedal, Nord-Aurdal og Øystre-Slidre, samt jaktrettshavarane i nemnte kommunar. Det er Norsk institutt for naturforskning (NINA) som er ansvarleg for gjennomføring av prosjektet.

Føremålet med merkinga er å skaffe meir kunnskap om leveområda til elgen som vinterstid held seg i Murudalsområdet, og derav få eit betre kunnskapsgrunnlag for ei helskapleg forvaltning av elgstamma. Trekkmønster, beitegrunnlag, førekomst av parasitter, reproduksjon og dødelegheit er noko av det som skal undersøkast.

Dei første 27 elgane blei merka i mars 2020. Av desse har to mista halsbandet, medan ei merka elgku er funne daud fremst på Murudalen i Sel kommune. Det skal totalt merkast om lag 50 elg i prosjektet, og resterande 23-26 elgar skal merkast vinteren 2021.

Du kan sjå kvar elgane held seg ved å gå inn på nettstaden dyreposisjoner.no, *prosjekt Elgen i Oppland*.



Merking av elg, mars 2020.

Foto: Harald Bolstad, Fron Fjellstyre.



Norsk Landbruksrådgiving

Norsk Landbruksrådgiving Innlandet

På vårt kontor på Landbrukssenteret finn du fire rådgivarar innan jordkultur og dyrking av grovfôr og korn, mellom anna to med spesialkompetanse innan drenering og vatning og ei som kan gje råd om sauefôring. På same plassen finn du byggtknisk rådgivar, medan vi har avtale med økonomirådgivar hjå Vekstra Fåvang. HMS-rådgiving får du frå kontoret på Lillehammer. Attåt desse lokale kan du få råd og bistand frå spesialistar innan mellom anna potet-, grønsak-, frukt- og bær dyrking, økologisk dyrking og presisjonslandbruk lokalisert på sju andre kontor i Innlandet.

NLR Innlandet har eit breitt tilbod om rådgiving, kurs, møte og markdagar, som vert annonsert i meldingar til medlemmene og på nettsidene våre. Alle planer før våronna er ikkje klare, så følg med på <https://innlandet.nlr.no/>. Her kan du og melde deg inn om du ikkje allereie er medlem.

Kurs

Vi arrangerer ulike kurs gjennom året, og mange i fleire omgangar, både med fysisk frammøte og digitalt. Sjekk under fana «Kurs» på nettsidene for datoar, og gje gjerne melding om du treng kurs som allereie er avvikla. Mellom dei som kjem att nærast kvart år er:

Plantevern: fyrste gongs og fornying av grunnleggande autorisasjon («sprøytelappen») og autorisasjon for gnagermiddel.

HMS: Praktisk HMS, Varme arbeider, Hygiene, smittevern og HMS.

Inn på TUNET – som fleire har hatt glede av i Mentorordningen.

Aktuelle tilbod før våronna

Torsdagstimmen – digitalt møte ved dugurdsleite kvar torsdag fram til påske.

Digitale våronnmøte i mars, med vanlege våronntema.

Gjødslingsplanlegging – skal være klar før våronna

Jordprøvetaking med GPS-merking – prøver frå 2013 og før er for gamle

Funksjonstesting av åkersprøyte – bestill tid !

Dreneringsplanlegging

Klimakalkulator – to på Vinstra-kontoret vert rådgivarar no.

KADAVERTHENTING

Informasjon frå Biosirk (tidlegare Norsk Protein):

Biosirk Norge har ansvar for kadaverhenting i Norge (unntak Finnmark), og de fakturerer alle slakterier for ordningen. Biosirk har en webbasert innmeldingstjeneste for innsamling av kadaver ved at innmelding av kadaver foregår elektronisk. Henting skal normalt skje innen 5 virkedager.

Innmelding kadaver: <https://kadaver.biosirk.no/>

Kadaverordningen omfatter:

- *Storfe, kalv, småfe og svin.*
- *Smågris, lam, fjørfe skal samles og fryses inn på gården og hentes sammen med store dyr.*

Kadaverordningen omfatter ikke:

- *Kadaver av hest, fallvilt, mv. Ved levering betaler leverandøren en enhetspris. Kadaverhenting av hest koster kr. 2000,- + mva uavhengig av medlemskap i Nortura eller ikke.*

Ved innmelding av kadaver, husk:

- ***Dyr som det skal tas prøve av skal ha øremerker.***
- *For alle andre dyr skal øremerker fjernes.*
- *Hestesko, klave, tjør, tauverk, plast mv. skal også fjernes.*
- *Plast må ikke forekomme i leveransen til kadaverbilen!*
- *Ta dyret ut av fjøset og legg dyret på en tørr, skyggefull, og godt merket plass.*
- *Ha en fast plass for henting av kadaver, plassen må være lett tilgjengelig for kranbil.*
- *Dekk dyret til med trelemmer eller trepaller, litt luft er bra. **Ikke bruk plast!***

Prøveuttak av døde produksjonsdyr

Biosirk skal ta hjerneprøver av døde storfe og småfe fra 1. mars 2019. Bor du i Finnmark eller et område som Norsk Protein ikke kjører må du varsle Mattilsynet som før. Alle selvdøde eller avlivede **storfe over 4 år* og sau/geit over 18 måneder skal tas hjerneprøve av.**



Liv i fjaset

Foto: Borgny Sletten

KLAUVBOKS

Landbrukssenteret disponerer klauvboks. Brukarar i Nord-Fron kan låne den gratis til bruk på eigne dyr. Klauvboksen står på eigen bilhengar, så det er enkelt å frakte den. Ta kontakt med Landbrukskontoret.

FRON AVLØSERLAG

Avløysarlaget har 2 landbruksvikarar som skal nyttast ved akutt sjukdom etc. Landbruksvikarane kan bli nytta av alle med rett på ferie/fritidstilskot, også om ein ikkje er medlem i avløysarlaget. Landbruksvikarordninga blir administrert av Fron Avløserlag. Kontortid: Måndag, tysdag og torsdag frå kl. 10:00 til kl. 15:00. Tlf.nr 61 29 22 30/ 97 70 65 98. Telefonen er døgnbemanna for akutt sjukdomsavløyning.

BEREDSKAP I LANDBRUKET JF. COVID-19

Nord-Fron kommune, Sør-Fron kommune, Beredskapsgruppa i Fron, Fron Avløserlag, Norsk Landbruksrådgivning Innlandet og Veterinærvakta Fron har i fellesskap etablert ein beredskapsplan ved sjukdom hos dyrehaldarar. Når det gjeld mjølkeproduksjon har Fron avløserlag tilstrekkeleg med avløysarar ved ein krisesituasjon.

Når det gjeld lamming er det i tillegg til faste avløysarar etablert ei beredskapsgruppe bestående av ca. 20 personar i Nord-Fron og Sør-Fron med god erfaring frå dyrehald og lamming (i hovudsak tidlegare saueprodusentar) som kan hjelpe til dersom situasjonen blir prekær. Beredskapsgruppa administreres av Fron Avløserlag.

TRENG DU KLAUVSKJERING?

Det er Fron Avløserlag som administrerer ordninga for klauvskjering. Ring Fron avløserlag, tlf. 612 92 230/ 97 70 65 98 for nærare informasjon og bestilling.

LANGSUA NASJONALPARK

Nasjonalparkforvaltarar i Langsua nasjonalpark er Morten Liebe og Ulf Ullring. Forvaltarane er underlagt nasjonalparkstyret i alt som har med forvaltninga av verneområda å gjere, men er tilsett hjå Statsforvalteren i Innlandet.

Offisielle kontaktar og søknadar til styret skal sendast til Statsforvalteren i Innlandet, e-post sfinpost@statsforvalteren.no

Direkte kontakt til nasjonalparkforvaltarane:

Morten Liebe, mobil 416 77 672, e-post fmopmli@statsforvalteren.no

Ulf Ullring, mobil 481 97 979, e-post fmopuul@statsforvalteren.no

RONDANE-DOVRE NASJONALPARK

Nasjonalparkforvaltarar i Rondane-Dovre nasjonalpark er Trond Stensby og Eirin Berge. Forvaltarane er underlagt nasjonalparkstyret i alt som har med forvaltninga av verneområda å gjere, men er tilsett hjå Statsforvalteren i Innlandet.

Offisielle kontaktar og søknadar til styret skal sendast til Statsforvalteren i Innlandet, e-post sfinpost@statsforvalteren.no

Direkte kontakt til nasjonalparkforvaltarane:

Trond Stensby, mobil 911 61 458, e-post trste@statsforvalteren.no

Eirin Berge, mobil 915 38 046, e-post fmopebe@statsforvalteren.no

BEREDSKAPSGRUPPE I FRON

Beredskapsgruppa vart oppretta for å vere ei *hjelpande hand* for gardbrukarar i Fron. Gruppa skal kunne bistå med å organisere hjelp til beitebrukare/gårdbrukare som opplever rovdyrangrep og andre ekstraordinære hendingar, som brann, sjukdomsutbrudd i buskapen, dødsfall, naturkatastrofer o.l. Dette er eit tilbod for dei som ønskjer det. Tilbodet gjeld alle gardbrukarar i Fron, og er eit gratis tilbod.

Gruppa består av:

- Marthe Dypdalen, leiar
- Lars Ole Auglestad, nestleiar

- Mari Synnøve Aasen Slåen
- Jonny Mathisen
- Ole Petter Berget
- Ivar Sylte
- Per Nyhus
- Pål Kjørstad
- Jan Ivar Svendstad

Beredskapsgruppa er knytt opp mot felles kommunal vakttelefon rovvilt, og har tett samarbeid med jaktleiar i det kommunale jaktlaget og med landbrukskontora. Alle i beredskapsgruppa har tausheitsplikt.

ROVVILTSKADER PÅ BEITEDYR

Statens naturoppsyn (SNO)

Terje Stian Bjørke	(lokal rovviltkontakt)	90 10 63 84
Christen Bårdsløkken	(lokal rovviltkontakt)	91 15 37 29
Hans M. Ulberg	(lokal rovviltkontakt)	99 35 28 58
Ole Knut Steinset		46 44 86 57
Esben Bø		95 72 27 33

Statsforvalteren i Innlandet:

Sentralbord		61 26 60 00
Vakttelefon rovvilt		97 02 98 40

Kommunane i Midt-Gudbrandsdalen:

Felles vakttelefon rovvilt		94 87 89 44
----------------------------	--	-------------

Miljødirektoratet:

Vakttelefon rovvilt		97 78 70 00
---------------------	--	-------------

UTVAL FOR MILJØ, LANDBRUK OG AREAL (MLA) 2019-2023

Utvalet har som arbeidsområde dei oppgåvene som kommunen har ansvar for innafor plan- og byggesaker, miljøvern, landbruks- og utmarksforvaltning medrekna vilt- og fiskeforvaltning og saker om motorferdsel i utmark. Utvalet er også kommuneplanutval.

Utvalet har avgjerdsrett i saker som ligg under landbrukslovgivinga, og som ikkje er delegert til administrasjonssjefen, jf. kommunen sitt delegeringsreglement. Formannskapet er ankeorgan for slike saker. Utvalet har funksjon som styre for kommuneskogane jf. Skogbrukslova § 35, 2. avsnitt.

Utvalet har 7 medlemar:

- Magnar Bratlien (AP), leiar
- Terje Sørli (AP), nestleiar
- Karianne Birkelund (AP)
- Jan Tore Kamp (AP)
- Eva Kappelslåen (AP)
- Øyann Brandstad (SP)
- Knut Håvard Iverstuen (SP)

TILSETTE - LANDBRUKSKONTORET

Geir Johan Groven	Landbrukssjef	61 21 61 99 / 99 24 59 24
Ingebjørg Jenssveen	Landbruksrådg.	61 21 61 96 / 41 64 46 25
Nils Skurdal	Rådgjevar	61 21 61 95 (mån, tys)
Ole Johan Kolseth	Landbruksrådg.	61 21 61 98 (mån, tys, ons)
Linda Myromslien	Konsulent	61 21 61 90 (tys, tors)
Eldri Siem	Jordbrukssjef	Perm. til 31/12-2023.

LANDBRUKSSENTERET PÅ VINSTRA

Landbrukssenteret på Vinstra er felles kontorstad for ulike offentlege og private tenester/rådgjevingsverksemdar innan landbruket. Du kan tinge møterom på kveldstid (NB: Hugs å ta kontakt med landbrukskontoret på førehand).

Landbrukskontoret 61 21 61 90

Norsk landbruksrådgiving Innlandet, kontakter Midt-Gudbrandsdal:

Eivind Bergseth 952 00 352

Lina Ruud 984 04 115

Ole Jakob Ulberg 951 43 626

Oddbjørn Kval-Engstad 995 46 503

Torstein Rørstad – bygg 480 63 212

Morten Randsted – økonomi 976 14 739

- kontorstad Vekstra Fåvang

Siv Kari Svendsen Nordseth – HMS 911 69 002

- kontorstad Lillehammer

Fron Avløserlag 61 29 22 30 / 97 70 65 98

Vekstra Regnskap Gudbrandsdal 61 29 26 60

Veterinærvakta Fron 61 29 14 00

Glommen Mjøsen Skog SA:

Ronny Hagen logistikkleiar 90 73 82 14

Torje Bjørke skogbruksleiar, permisjon

Ola Løkken skogbruksleiar 97 19 40 15



Avsender /returadresse:
Landbrukskontoret for Nord-Fron,
Strandgt. 54
2640 Vinstra



Fjellsmelle, kommuneblome til Nord-Fron

Foto: Rigmor Wang. Lisens:CC BY 4.0